

# DELE HYTTA?

## Dele hytta?

Av Arne Hjeltnes

Når du er liten er det å bygga hytte noko av det mest spanande ein kan gjera. Eg har bygd mange hytter, i tre eller buskar. Då var det ikkje så vanskeleg å dela hytta. Hytta var knøttlita. Den var skakk, hadde ikkje alltid tak og berre eitt rom.

Me stua oss saman og hadde det kjekt. Eg har ikkje hytte, men eg har samla saman masse saker til eg ein gong får ei. Dei gamle mønstra tallerkane står i ein stabel i eit skåp til eg ein gong får hytte. Eg har nokre bord og stolar, som eg eigentleg berre har til ei framtidig hytte. Mitt hytteliv er nemleg deling av hytter med familie og vener.

Det er ikkje alltid like lett. Når ein deler lyt ein jenka seg og kan sjølvsagt ikkje bestemma alt sjølv.

Å jenka seg kan vera ei prøvelse.

Det finnast ulike former for deling.

Den klassiske varianten er Familiehytta. Ei gamal god hytte som har vore i slekta si eige. Til hytta soknar ei rad med slektningar. Jo eldre hytta er, jo fleire er det som har rett til å bruka ho.

Og jo finare ho er, jo fleire er det om vil på hyttetur.

Det er 52 helger i året, men kvifor er det slik at alle absolutt skal ha hytta den same helga eller den same ferieveka? Når du til dømes endeleg har funne ei vinterferie-veke, der ingen andre skal

bruke hytta. Er du heldig er det ingen andre med små ungar eller nokre som har vinterferie ei annan veka.

Hytta ligg der åleine. Familien gler seg. Og brått ringer svigers (som kanskje eig hytta). Dei hadde ikkje tenkt seg på hytta, men no når det er folk der, kan det vel vera morosamt med ei tur.

Enden på visa er at dei står i døra og tek imot, når du dukkar opp.

Eg har heldigvis supre svigerforeldre som det er moro å ha med seg, men eg har høyrte at det ikkje alltid er slik. Kanskje har du fått låne onkelen din sitt trivelege skipperhus på Sørlandet.

Og så kjem son hans og dei fire viltre sønene og den sure kona hans innom. Dei har trass alt større rett til hytta og kan ikkje kastas ut. Dei tek det store soverommet og er der heile veka. Du hadde kanskje sett fram til nokre rolege dagar med berre dei nærmaste. Ofte er det slik at du då kanskje har skaffa litt ekstra gode forsyningar, som du no lyt dela med ein fetter du kanskje ikkje kjenner eingong. Det er i slike stunder ein ynskjer seg si eiga hytta.

Ein annan variant er Åremålshytta. Det er ein god tanke at fleire vener går saman om å leiga seg ei hytte i eit attraktivt område. Prisen vert lågare og samvært med gode vener er lettare å få organisert. Men sjølv ikkje det er problemfritt. Irritasjonsmomenta ligg på lur. Fellesutgiftene skal delast. Eit av venepara vart eigentleg

overtalt til å vera med og får ikkje brukt hytta like mykje. Dei var der kanskje berre to helger, men må vera med og dela på all veden du kjøpte av bonden, brøyting og reparasjonen av doen og ovnen.

Eit anna par er svært ivrige og fyller hytta med sine andre vener, (som ikkje gadd å vera med på hytta), slik at du nesten ikkje får plass sjølv, eller når du ein sjelden gong kjem fram, er cognacen din drukke opp og nokon har sove i senga di. Telemarkskia dine er ripa opp og det manglar tre stavar.

Hytteliv er ein fin måte å verta kjent med dei innarste eigenskapane til venene dine.

Nokon kjøper alltid den aller billigaste spaghetten på boks når dei har ansvaret for middagen, medan andre kjem med eit knippe ryer frå far sin jakttur og ein skikkeleg god raudvin.

Nokre drikk ekstra mykje av det felles-innkjøpte ølet, medan andre berre drikk to.

Kjenner du att kjensla frå å dela reknin- gar på restaurant?

Men det viktigaste er sjølvsagt at me kjem oss ut på hyttetur. Så får du heller leva med at livet ikkje alltid er straumlinjeforma. Kanskje har du og nokre sider, som dine slektingar ikkje alltid set like stor pris på.

Ellers så får du skaffa deg di eiga hytta og vera herre i eige hus.

# GRANDIOSA

## HYTTE

Grandiosa smaker til og med på hytta. Man må bare huske på å spise den før den blir dårlig. Da er det å anbefale at den spises som første måltid for å unngå ubehagelige utedoturer. Når du og dine venner eller familie har kommet frem til hytta, sett i gang med å tenne opp i ildstedet.

### Dette trenger du:

(ca. 2 pers.)

1 stk. Grandiosa

Finn litt sopp i skogen eller fisk

Litt aluminiumsfolie

### Drikke til:

All alkohol

Ferskvann fra bekken eller brønnen

Rødvin på papp

### Tilbehør:

Pølser

Fisk fra sjøen

Eller sopp fra skogen

Medbrakt potetgull

### Fremgangsmåte:

Gjør klar pizzaen når ildstedet er varmt nok. Legg pizzaen på ca. en meter med aluminiumsfolie. Hvis du har funnet noen spiselige sopper, så del dem opp og legg på. Brett pizzaen i to og pakk den inn i folien. Legg den innbakte pizzaen på en grill. Husk å snu den med jevne mellomrom så blir den ikke svidd. Når den er ferdig, pakk opp og la stå en stund før du deler den opp. Osten blir ganske klissete så det lønner seg å vente litt.



### Arne Hjeltnes tre høydepunkter fra Gutta på tur:

1. Ski-tur fra Sota Sæter gjennom Jotunheimen til Beitostølen fra hytte til hytte.
2. Besøk til Vladimir Smirnovs landsby i Kazakhstan.
3. På lofotfiske i vinterklede Henningsvær med sol og snø og stor-torsk på kroken.